

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I STRANDA KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte

tysdag, 12.02.2019 kl. 16.05 i Formannskapssalen.

SAKLISTE:

- Sak 01/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 22.11.2018
- Sak 02/19 - Prosjektplan frå Kommunerevisjon 3 til forvaltningsrevisjon
- Sak 03/19 - Ny kommunelov – nye reglar på området for kommunen sin eigenkontroll.
- Sak 04/19 - Årsrapport 2018 – skatteopkrevjaren i Stranda kommune.

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 926 11735 til dagleg leiar eller e-post bjorn.tommerdal@sksiks.no.

Inge Gjærde
leiar
(sign.)

Sak 01/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 22.11.2018

KONTROLLUTVALET I STRANDA KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato 22.11.2018 kl. 16.05
Møtestad: Formannskapssalen, kommunehuset

Møtet vart leia av: Inge Gjærde

Elles til stades: Helge Kvame, Anne Melgaard Tårn og Eva Rinde Habostad.
Ikkje meldt forfall: Ole Jørgen Sve

= **4 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.
Frå kommunerevisjonen møtte oppdragsrevisor Anne Nygård.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Sak 21/18 Godkjenning av møtebok frå møte 13.09. 2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 13. september 2018 blir godkjent.

Sak 22/18 Val av tema for Forvaltningsrevisjon 2019 – oppfølging av sak 19/18.

Sakspapirer frå kontrollutvalsekretariatet datert 15. 11.2018

Saka vart lagd fram utan tilråding til vedtak.

Leiar Inge Gjærde fremme på vegne av utvalet følgjande forslag:

Kontrollutvalet ber kommunerevisjonen utarbeide ei projektskisse for forvaltningsrevisjon som omhandlar kommunen som tenesteleverandør og utøvar av mynde overfor sårbare

grupper. Denne skal være basert på oppdatert overordna analyse, og avgrensa til kvalitetskrav i barnehage og i skulesektoren.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber kommunerevisjonen utarbeide ei prosjektskisse for forvaltingsrevisjon som omhandlar kommunen som tenesteleverandør og utøvar av mynde overfor sårbare grupper. Denne skal være basert på oppdatert overordna analyse, og avgrensa til kvalitetskrav i barnehage og i skulesektoren.

Sak 23/18 Revisjonsstrategi 2018 Stranda kommune.

Sakspapirer frå kontrollutvalsekretariatet datert 15. 11.2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet framhevar det fokuset som er nemnd i overordna revisjonsstrategi 2018 for Stranda kommune og peiker på at det er viktig at dette blir teken med vidare.

Sak 24/18 Oppdatert orientering frå Kommunerevisjon 3 om fusjonsplanar.

Sakspapirer frå kontrollutvalsekretariatet datert 15. 11.2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Stranda kontrollutval tek orienteringa frå Kommunerevisjon 3 til vitande og forventar å bli halde orientert om prosessen vidare.

Sak 25/18 Møteplan 2019 for Stranda kontrollutval.

Kontrollutvalet vedtok samrøystes følgjande møtedatoer for

2019: 12. februar, 8. april, 20. mai og 20. august, alle dager kl.

16.05

Møtet vart avslutta kl. 17.35

Inge Gjærde
leiar

(sign.)

Helge Kvame
nestleiar

(sign.)

Anne Melgaard Tårn
medlem

(sign.)

Eva Rinde Habostad
medlem

(sign.)

Sak 02/19 - Prosjektplan frå Kommunerevisjon 3 til forvaltningsrevisjon.

Vedlegg: forslag til prosjektplan frå Kommunerevisjon 3, datert 15. januar 2019

Bakgrunn:

Frå møteboka til Stranda kontrollutval:

Sak 22/18 Val av tema for Forvaltningsrevisjon 2019 – oppfølging av sak 19/18.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber kommunerevisjonen utarbeide ei projektskisse for forvaltningsrevisjon som omhandlar kommunen som tenesteleverandør og utøvar av mynde over for sårbare grupper. Denne skal være basert på oppdatert overordna analyse, og avgrensa til kvalitetskrav i barnehage og i skulesektoren.

Vedlagt ligg eit forslag til prosjektplan frå Kurt Løvoll ved Kommunerevisjon 3. Denne fangar opp fleire av dei problemstillingane som kontrollutvalet diskuterte på sitt førre møte. Kontrollutvalet i Stranda kommune bør derfor vedta forslag til plan og starte opp arbeidet med forvaltningsrevisjon i tråd med dette.

Innstilling til vedtak:

Kontrollutvalet igangsetjar arbeide med ein forvaltningsrevisjon av oppfølging av minoritetspråklege barn i Stranda kommune i henhold til vedlagte prosjektplan.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

15. januar 2019

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Oppfølging av minoritetsspråklege barn i Stranda kommune

PROSJEKTPLAN

I sak 22/18 den 15.11.2018, vedtok Kontrollutvalet i Stranda kommune følgende:

Kontrollutvalet ber kommunerevisjonen utarbeide ei prosjektskisse for forvaltningsrevisjon som omhandlar kommunen som tenesteleverandør og utøvar av mynde overfor sårbare grupper. Denne skal vere basert på oppdatert overordna analyse, og avgrensa til kvalitetskrav i barnehage og i skulesektoren.

Denne prosjektskissa har tatt utgangspunkt i at det særleg vart peika på stor del minoritetsspråklege i skular og barnehagar i Stranda, og spørsmål om korleis Stranda kommune opptre som tenesteleverandør overfor denne gruppa. Mellom anna var det i budsjettdokumentet nemnt at kommunen har ei utfordring knytt til språkopplæring og tilpassa undervisning for minoritetsspråklege elevar.

1. PROBLEMSTILLINGAR

Prosjektet vil ha følgjande problemstillingar:

- 1) *Er det etablert tilfredsstillande system og rutinar for å sikre at det blir ein god overgang mellom barnehage og skule for minoritetsspråklege barn?*
- 2) *Er det etablert tilfredsstillande system og rutinar for å kartlegge elevane sine kunnskapar i norsk?*
- 3) *Er det etablert tilfredsstillande system og rutinar for elevar med rett til særskilt norskopplæring for å:*
 - *kartlegge om elevane treng morsmålopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring?*
 - *sikre at norskferdigheitene blir kartlagt jamleg?*

2. REVISJONSKRITERIER

Revisjonsforskrifta angir at det skal etablerast revisjonskriterier for alle forvaltningsrevisjonsprosjekt. Revisjonskriterier er dei krav eller normer som dei innsamla data vert vurdert opp mot. Desse skal vere grunngitt i, og utleia frå, autoritative kjelder innanfor det området som er gjenstand for revisjon. Ein kan også leggje til grunn det ein må tru at det ikkje er usemje om.

Kommunelova legg ansvaret for at kommunen er gjenstand for ein trygg kontroll til rådmannen, jf. § 23-2. Det inneberer at rådmannen må ha nedfelt eit sett med gode prinsipp som gjer at kommunestyret kan forvente at viktige mål blir nådd.

Eit av desse måla er å overhalde lover og regler.

Vi viser til COSO-rammeverket som ein etablert norm for styring og kontroll. I tillegg til dette, vil vi mellom anna ta utgangspunkt i opplæringslova § 2-8 (1) der det går det fram at: «Elevar i grunnskulen med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skulen.»

I opplæringslova § 2-8 (4) står det vidare at: «Kommunen skal kartleggje kva dugleik elevane har i norsk før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring. Slik kartlegging skal også utførast undervegs i opplæringa.»

I utdanningsdirektoratet sin rettleiar: «Innføringstilbud til nyankomne minoritetsspråklege elevar» blir det presisert at «individuell kartlegging av ferdigheter er viktig for å kunne gi tilpassa opplæring».

I barnehagelova § 2 a går det fram at: «Barnehagen skal samarbeide med skulen om barna sin overgang frå barnehagen til skule og skulefritidsordning. Samarbeidet skal bidra til at barna får ein trygg og god overgang.»

Det går vidare fram frå rettleiar om språk i barnehagen (frå Utdanningsdirektoratet) at det er viktig at barnehagane arbeider bevisst med dokumentasjon og vurdering av enkeltbarn sine språk.

Det blir etter dette føreslått følgjande revisjonskriterier:

- Kommunen skal ha system og rutinar som sikrar at:
 - minoritetsspråklege barn får moglegheit til å få vurdert sin språkutvikling av barnehagepedagog og helsesøster, og at dette arbeidet blir dokumentert.
 - minoritetsspråklege barn under opplæringspliktig alder med språkvanskar, får spesialpedagogisk opplæring i norsk.
- Det skal vere system og rutinar som sikrar at:
 - barnehagane i Stranda kommune samarbeider med barneskulen om barna sin overgang frå barnehage til skule.
 - samarbeidet bidrar til at barna får ein trygg og god overgang.
- Det skal vere system og rutinar som sikrar at:
 - skulen kartlegg kva dugleik elevane har i norsk før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring.
- Det skal vere system og rutinar som sikrar at elevar med rett til særskilt norskopplæring
 - blir kartlagt i høve om dei treng morsmålopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring.
 - får norskferdigheitene kartlagt jamleg.

3. METODE OG GJENNOMFØRING

Undersøkinga baserer seg på Norges Kommunerevisorforbund sin standard for forvaltningsrevisjon.

Kommunerevisjonen vil gjennomføre dokumentanalyse av kommunen sine egne system og rutinar vedkomande temaet i dette prosjektet.

For å kunne få ei betre forståing om rutinane og systema omkring minoritetsspråklege born i kommunen, er det i dette prosjektet tenleg å gjennomføre intervju med aktuelle einingsleiarar og kommunalsjef. Det kan i tillegg vere aktuelt å gjennomføre intervju med nokre lærarar.

Prosjektet vil bli gjennomført i tråd med følgjande framdriftsplan:

- Startmøte med rådmann
- Gjennomgang av system og rutinar
- Intervju med sentrale personar
- Utarbeiding av rapport
- Sluttmøte med rådmann

Det er vår vurdering at dette skal gje eit tilstrekkeleg grunnlag for å gje svar på problemstillingane.

Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor: Kurt Løvoll
Utførande forvaltningsrevisor: Lillian R. Kristoffersen

4. TIDSPLAN

Prosjektet inneheld førebuingar, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data, utarbeiding av rapport og kvalitetssikring.

Ein tek sikte på eit startmøte med rådmannen innan utgangen av februar.

Eit høyringsutkast til rapport er planlagt å ligge føre i mai 2019. Det er vanlegvis ein høyringsperiode på to veker etter dette.

Sak 03/19 - Ny kommunelov – nye reglar på området for kommunen sin eigenkontroll.

1. Bakgrunn

Den nye kommunelova vil ha delt ikraftsetjing. Første delen av lova, til og med dei nye reglane i sjettedel om interkommunalt samarbeid og sjuande del om eigenkontroll, bortsett frå kapittel 25 om internkontroll, vil tre i kraft frå og med det konstituerande møtet i det enkelte kommunestyret ved oppstart av valperioden 2019-2023.

Det same gjeld kapittel 27 om lovlegkontroll.

Andre deler av lova vil tre i kraft frå 01. januar 2020.

Dette gjer at storparten av den nye lova vil tre i kraft når det nye kommunestyret vert konstituert til hausten. Kapitlet om internkontroll vil tre i kraft seinare.

Det kan allereie no vere nyttig å kjenne hovudtrekka i dei nye reglane og vere budd på kva for verknad desse vil kunne ha for m.a. kontrollutvala og arbeidet med kommunen sin eigenkontroll.

Dei enkelte medlemmene i kontrollutvalet vil kome i hyppig kontakt med kommunelova sine reglar gjennom sitt arbeid i utvalet.

2. Kontrollutvala

2.1. Val av kontrollutval

Kontrollutvalet skal no ha minst fem medlemmer, mot tidlegare tre. Slik som etter tidlegare/nogjeldande lov skal valet gjerast av kommunestyret sjølv. Både leiaren og nestleiaren vert også valde av kommunestyret.

Reglane om kven som skal kunne veljast til kontrollutvalet er endra.

Nytt er det at leiaren ikkje kan vere medlem av same parti eller tilhøyre same gruppe som ordføraren. Det er framleis tilstrekkeleg at berre eitt av kontrollutvalsmedlemmene sit i kommunestyret.

Det er heller ikkje noko nytt at korkje ordførar, varaordførar, formannskapsmedlemer eller kommunalt tilsette kan sitje i kontrollutvalet. Men derimot er § 23-1 tredje ledd pkt. g) nytt når det fastslår at følgjande er utelukka frå val:

«g) personer som har en ledende stilling i, eller som er medlem eller varamedlem av styret eller bedriftsforsamlingen, i et selskap som kommunen har eierinteresser i»

Dette medfører at personar med sentrale stillingar eller verv i noko av kommunen sine selskap ikkje kan veljast inn i kontrollutvalet. Regelen gjeld berre personar som er leiar, eller har ei anna leiande stilling, i eit slikt selskap eller som er styremedlem eller varamedlem til styret.

Personar med tilsvarande posisjon i regionråd eller eit kommunalt oppgåvefelleskap, kan heller ikkje veljast til kontrollutvalet.

Desse avgrensningane i kven som kan veljast kjem i tillegg til dei generelle reglane om dette. Desse står no i §§ 7-2 og 7-3 i den nye lova.

2.2. Kontrollutvalet sitt ansvar og mynde (§ 23-2)

Reglane om dette er delvis ei vidareføring av kommunelova av 1992. Men det er no lovfesta ei generell plikt for kontrollutvalet til å påsjå at kommunestyret sine vedtak som gjeld revisjonsrapportar vert fylgde opp.

Leiaren i kontrollutvalet har slik som tidlegare møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker skal behandlast. Men lova presiserer no at denne retten kan leiaren gi til eit anna medlem:

«Utvalgets leder kan la ett av de andre medlemmene i utvalget utøve denne retten på sine vegne.»

Det er ikkje i lova stilt noko formkrav til denne fullmakta, men gode grunnar kan tale for at dette vert protokollert i utvalet eller i det minste meddelt skriftleg til m.a. medlemmet som skal møte.

2.3. Kravet på opplysningar

Kontrollutvalet sin rett til å krevje opplysningar, uavhengig av teieplikt, er den same.

«Kontrollutvalget kan også foreta undersøkelser som det mener er nødvendige.

Retten til opplysningar gjeld dei undersøkingane som må karakteriserast som «nødvendige». Departementet meiner at dette vilkåret medfører ei viss avgrensing av utvalet sin innsynsrett.

Kontrollutvalet sin rett til å vere til stades i lukka møte går i dag fram av kontrollutvalsforskrifta § 2 tredje ledd. Denne retten er no teken inn i sjølve lova. Det same gjeld kommunestyret sin rett til likevel å bestemme at kontrollutvalet ikkje har rett til å vere til stades i lukka møte i kommunestyret.

3. Forvaltningsrevisjon

Sjølve definisjonen av forvaltningsrevisjon er ikkje endra. Men forvaltningsrevisjon kan no også innebere å vurdere om lov og forskrift eller reglement i kommunen vert etterlevde.

Slik som etter nojeldande forskrift (jfr. § 10) skal kontrollutvalet utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon

«Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner.»

Departementet si tolking (Prp. 46 L) er at slik plan også skal omfatte verksemdene i dei selskapa som kommunen har eigarinteresser i. Kravet om ein slik felles plan er nytt.

Kravet om at plan skal utarbeidast inneber at kommunen har plikt til å gjennomføre forvaltningsrevisjonar.

For å finne ut kor behovet for forvaltningsrevisjon er størst skal planen basere seg på vurderingar av kva for område i kommunen der det er størst risiko for vesentlege avvik og kor alvorlege konsekvensar slike avvik vil kunne få.

Slik som tidlegare kan kommunestyret gi kontrollutvalet fullmakt til å gjere endringar i planen. Grunngevinga for dette er at vurderingar av risiko m.v. kan bli mindre aktuelle og at nye forhold kan kome til. Det kan då bli behov for avvik frå den opprinnelege planen.

4. Eigarskapskontroll

Den nye lova pålegg kommunane å gjennomføre eigarskapskontrollar som no er definert slik:

«Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.»

Også for eigarskapskontroll skal kontrollutvalet utarbeide ein plan som skal ligge føre innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, dvs. i løpet av 2020.

Kravet til planen er no skjerpa i og med at den no må vise kva for konkrete eigarskapskontrollar som skal gjennomførast.

Medan kontrollutvalsekretariatet i dag kan gjennomføre eigarskapskontrollar, legg den nye lova denne oppgåva til kommunerevisjonen, som levering av ei bestilling frå kontrollutvalet.

5. Utvalet si rapportering til kommunestyret

Ved § 23-5 i ny kommunelov vert plikta til rapportering av kontrollarbeidet vidareført.

Lova presiserer no det som har vore mest vanleg, nemleg at kommunedirektøren (som i ny lov kjem i staden for tittelen rådmann) i kontroll saker skal ha høve til å gi uttale til ei saksutgreiing *før* kontrollutvalet behandlar saka. Dette er i tråd med det alminnelige prinsippet om at ei sak skal vere så godt opplyst som råd før det vert treft vedtak.

Når saker etter kontrollutvalet si behandling vert oversende til kommunestyret, kan kommunedirektøren gi supplerande opplysningar ved oversendinga. Men kommunedirektøren har ikkje høve til å endre kontrollutvalet si saksframstilling.

6. Innsyn i selskap

Til no har kontrollutvalet hatt rett til å krevje opplysningar frå kommunalt heileigde aksjeselskap og andre eksterne verksemder som er opprekna i nogjeldande kommunelov § 80 (første ledd første punktum), gitt at desse opplysningane er nødvendige for at kontrollutvalet skal kunne gjennomføre kontrollen sin. Denne innsynsretten for kontrollutvalet er vidareført.

Kontrollutvalet vil etter ny lov ha rett til å bestille undersøkingar i selskap/andre verksemder som utfører oppgåver på vegne av kommunen. Undersøkinga inkluderer rett til opplysningar som er nødvendige for å kunne kontrollere at verksemda oppfyller pliktene i kontrakta med kommunen og det er nytt.

Dette er nytt og det utvidar kontrollutvalet sin rett til opplysningar og til å foreta undersøkingar til også å omfatte andre eksterne verksemder enn dei som er angitt i nogjeldande lov.

Dei nye reglane skal ivareta kommunen sine behov for innsyn når slike verksemder utfører oppgåver på vegne av kommunen. Det kan for eksempel dreie seg om aksjeselskap der kommunen er deleigar saman med private, selskap som er heilt utan kommunal eigarandel, stiftingar, og liknande.

Kommunestyret kan fastsetje reglar om kva for dokument som skal sendast til kontrollutvalet. Reglane om at kontrollutvalet skal varslast om møter i generalforsamling, representantskap og tilsvarande organ og har rett til å vere til stades i desse møta vert vidareført.

7. Kontrollutvalsekretariatet

Delar av kontrollutvalsforordninga av 2004 er no tekne inn i sjølve lovteksten. Såleis er forordninga § 20 blitt § 23-7 i ny kommunelov.

Det vert i ny lov slått fast at sekretariatet har ei særskild plikt til å påsjå at sakene som vert lagde fram for kontrollutvalet er forsvarleg utgreidde.

Det følgjer av bestemmelsen at sekretariatet skal ha kapasitet og kompetanse som dekkjer kontrollutvalet sine behov for å få lagt fram utgreiingar og saksførebuing.

Lova avgrensar sekretariatet sine oppgåver mot revisjon, nærare bestemt rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Eigarskapskontroll kan

ikkje lenger utførast av sekretariatet for kontrollutvalet, men høyrer inn under revisor sitt ansvar å gjennomføre etter den plan som er vedtatt.

Fjerde ledd i § 23-7 utdjupar nærare kven som ikkje kan utføre sekretariatfunksjonen. Korkje tilsette som arbeider i kommunen, revisjonen, medlemmer av kontrollutvalet eller kommunestyremedlemmer kan utføre ein slik funksjon.

Det er kontrollutvalet som innstiller på kommunestyret sitt val av sekretariat for kontrollutvalet. Dette myndet kan ikkje leggjast til andre, for eksempel kommunedirektøren.

8. Revisjonen

§ 24-2 angir Revisor sine oppgåver, ansvar og mynde går fram av § 24-2. Lovgivaren har valgt å oppretthalde visinga til god kommunal revisjonsskikk som grunnlaget for revisjonsarbeidet.

Paragrafen gir også overordna reglar om revisor sin innsynsrett og teieplikt. Det vil kome forskrifter som utdjupar bestemmelsen, jfr. pkt. 10 nedanfor.

Revisor skal planlegge, gjennomføre, dokumentere og rapportere arbeidet sitt i samsvar med lov og forskrift og god kommunal revisjonsskikk. Revisjon skal altså i tillegg til å utføre sitt arbeid i samsvar med lov og forskrift, følge god kommunal revisjonsskikk. God kommunal revisjonsskikk er ein rettsleg standard som omfattar både rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. Ein rettsleg standard skal til eikvar tid ha eit innhald som svarer til rettsoppfatninga som er aktuell på området.

9. Ordførar og kommunedirektør

Ordføraren sitt mynde vert utvida. Han/ho får møte-, tale- og forslagsrett i alle folkevalde organ med unntak av kommuneråd og organ under dei. Ordføraren får også talerett i kontrollutvalet. Ordføreren kan få mynde til å treffe vedtak i hastesaker og opprette utval på eige initiativ.

Tittelen rådmann vert erstatta av kommunedirektør. Skiljet mellom administrasjonen og folkevalde blir tydelegare. Kommunedirektøren sitt ansvar vert videreført og understreka. Personalansvar for administrasjonen og styrka ansvar for internkontroll er nytt.

10. Forskrift - ny kontrollutvals- og revisjonsforskrift

10.1. Høyring

Departementet har heimel til å gi forskrifter om kontrollutvalet sine oppgåver og saksbehandling (jfr. § 23-1, femte ledd).

Slik forskrift er enno ikkje gitt. Den 31. januar 2019 vart forslag til forskrift om kontrollutval og revisjon send på høyring, med høyringsfrist 02. mai 2019.

Det fullstendige høyringsnotatet kan lastast ned her:

Frå høyringsnotatet

Forslaget til forskrift, jfr. kapitlet om kontrollutvalet sine oppgaver (kap. 1 - 6), lyder slik:

Kapittel 1. Kontrollutvalgets oppgaver mv.

§ 1 Begrensning av kontrollutvalgets myndighet

Kontrollutvalget kan ikke overprøve politiske prioriteringer som er foretatt av kommunens eller fylkeskommunens folkevalgte organer eller andre kommunale organer.

§ 2 Kontrollutvalgets rolle i fastsettelsen av budsjettet for kontrollarbeidet

Kontrollutvalget utarbeider forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen om årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget. 27

§ 3 Kontrollutvalgets oppgaver ved regnskapsrevisjon

Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper og årsberetninger blir revidert på en betryggende måte
- b) regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor
- c) regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.

Kontrollutvalget skal påse at regnskapsrevisorens påpekinger etter kommuneloven §§ 24-7 til 24-9 blir rettet eller fulgt opp. Hvis påpekingene ikke blir rettet eller fulgt opp, skal kontrollutvalget rapportere det til kommunestyret eller fylkestinget.

§ 4 Kontrollutvalgets rapportering om forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller

Kontrollutvalget skal rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om gjennomførte forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller og resultatet av dem.

§ 5 Kontrollutvalgets oppfølging av kommunestyrets eller fylkestingets vedtak om revisjoner og eierskapskontroller

Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak om regnskapsrevisjoner, forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller blir fulgt opp og skal rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om vedtaket er fulgt opp.

§ 6 Innkalling til møte i kontrollutvalget

Innkalling til møte i kontrollutvalget skal sendes til utvalgets medlemmer, ordfører eller fylkesordfører og kommunens eller fylkeskommunens oppdragsansvarlige revisorer.

Forslag til vedtak

Med vising til ovanstående vert saka lagd fram for kontrollutvalet med tilråding om slikt

vedtak:

1. Kontrollutvalet har merka seg reglane i ny kommunelov når det gjeld området for den kommunale eigenkontrollen.
2. Kontrollutvalet bed kommunestyret ta saka til orientering.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

Kjetil Kvammen
Juridisk rådgiver
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

Sak 04/19 - Årsrapport 2018 – skatteoppkrevjaren i Stranda kommune.

Vedlegg: Årsrapport 2018 Skatteoppkrevjaren i Stranda kommune

Sjå vedlagte årsrapport frå Skatteoppkrevjaren i Stranda. Kontrollutvalet i Stranda kommune står som kopi på denne rapporten og den legges fram for utvalet uten nokon sakshandsaming. Hvis kontrollutvalet ynskjer å kommentere eller ta opp eit eller fleire høve ved rapporten står, kontrollutvalet fritt til å gjere dette.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

vedtak:

Kontrollutvalet tek rapporten til vitande.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

Årsrapport for 2018



Skatteoppkrevjaren i Stranda kommune

1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet	3
1.1 Skatteoppkreverkontoret – organisering, ressurser og kompetanse	3
1.2 Internkontroll	4
1.3 Skatteutvalg	5
1.4 Skattekontorets kontroll av skatteoppkreverfunksjonen	5
2. Skatteregnskapet	5
2.1 Avleggelse av skatteregnskapet	5
2.2 Vurdering av skatteinntekten	6
2.3 Margin	6
3. Innfordring av krav	6
3.1 Restanseutviklingen	7
3.2 Innfordringens effektivitet	8
3.3 Særnamskompetanse	8
4. Arbeidsgiverkontroll	8
4.1 Organisering av arbeidsgiverkontrollen	8
4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller	9
4.3 Resultater fra kontrollene	9
4.4 Vurdering av kontrollaktiviteten	9
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører	9
4.6 Gjennomførte informasjons- og veiledningstiltak	9


1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet

Skatteoppkreverne skal i henhold til Skatteoppkreverinstruksen § 2-9 nr. 1 utarbeide en årsrapport i samsvar med retningslinjer gitt av Skattedirektoratet. I henhold til § 3-3 nr. 2 skal skatteoppkreveren også utarbeide et årsregnskap som vedlegges årsrapporten.

Årsrapporten skal omhandle hvordan oppgavene skatteregnskap, innkreving og arbeidsgiverkontroll er ivaretatt ved skatteoppkreverkontoret.

1.1 Skatteoppkreverkontoret – organisering, ressurser og kompetanse

Organisering



Ressurser

For 2018 er det 1,2 årsverk ved skatteoppkreverkontoret som benyttes til skatteoppkreverfunksjonen.

Tabellen viser ressursbruk ved skatteoppkreverkontoret, fordeling av årsverk per område

	Årsverk	%-andel fordelt
Skatteregnskap		30%
Innfordring		30%
Arbeidsgiverkontroll		50%
Administrative oppgaver		10%
SUM		120 %

Vurdering av ressursituasjon og kompetanse

Økonomisjefen er tillagd funksjonen som skatteoppkrevjar. Økonomisjefen er dessutan ansvarleg for å utarbeide/koordinere budsjett og økonomiplan, for økonomioppfølging og rapportering, og for finansforvaltninga til kommunen.

Stranda kommune bruker 60 % stilling til skatteoppgåver. I tillegg bruker økonomisjefen om lag 10 % av arbeidstida til skatteoppkrevjarfunksjonen, og kommunen disponerer dessutan om lag 0,5 årsverk (for 2018) i den interkommunale arbeidsgjeverkontrollen. Til saman bruker kommunen såleis om lag 1,2 årsverk på arbeid med skatteinnkrevjinga.

Vi viser til instruks for skatteoppkrevjarar, og gjev følgjande utgreiing om arbeidet ved skatteoppkrevjarkontoret i rekneskapsperioden.

Innkrevjingsarbeid og føring av skatterekneskapen ligg til konsulentstillinga.

Arbeidsgjevarkontrollen står for informasjon og rettleiing i samband med kontrollar. Generell informasjon og rettleiing har skatteoppkrevjaren ansvar for. Det blir gitt informasjon om reglar og retningslinjer til alle nye arbeidsgjevarar.

Kontorkontrollen er det skatteoppkrevjarkontoret sjølv som står for. Det førast kontroll med at pliktige oppgåver blir levert til rett tid, og at dei er fullstendig og korrekt utfylte. Arbeidsgjevarar som sender mangelfulle eller feil utfylte oppgåver, får tilbakemelding om dette. Det blir vidare ført kontroll med at betalinga skjer til rett tid. Kontorkontrollen blir utført laupande etterkvart som oppgåver og innbetalingar kjem inn.

Stillinga som kontoret disponerer til skatteoppgåver er nok til å utføre det daglege arbeidet med skatteinnkrevjing og føring av skatterekneskapen. Vi vurderer ressursituasjonen ved kontoret som tilfredsstillande. I tillegg til at skatteoppkrevjar og konsulent har eit nært samarbeid i ulike skattespørsmål, har medarbeidarane ved avdelinga også fått opplæring i å handtere fleire oppgåver som gjeld skatt.

Den ressursen som kommunen disponerer, i den interkommunale arbeidsgjevarkontrollen, har ikkje vore tilstrekkeleg til å nå målet om at 5% av totalt antal arbeidsgjevarar i kommunen skal kontrollerast.

1.2 Internkontroll

1.2.1 Fullmakter og tilgangar

Ståle Anker Ljøen – skatteoppkrevjar har roller i Sofie som leiar.
Sissel H. Selmersen – konsulent skatt har roller i Sofie som leiar.
Sølvi B. Ringset – avlastning skatterekneskap.

1.2.2 Bankfullmakter

Fullmakt for disponering av konto i Nordea Bank Norge ASA.

- Ståle Anker Ljøen
- Sissel H. Selmersen
- Anne Vibeke Korsedal
- Sølvi B. Ringset

1.2.3 Bankavstemming

Avstemming vert gjennomført minimum ein gong pr. veke. Skjema for bankavstemming vert brukt. Kontoutskrift og hovedboksrapport blir tatt ut. Arkivering i perm for dagsoppgjer.

1.2.5 Oppfølging av inn- og utbetalningar

Uidentifiserte innbetalningar blir fanga opp via arbeidslista og blir fortløpande plassert på rett plass. Innbetalningar som ikkje automatisk blir plassert, blir fortløpande plassert mot krav. Utbetalningar blir tatt fortløpande og gjennomført etter rutine for utbetaling.

1.2.6 Rekneskapsavstemming ved periodisk oppgjer

Utførast innan den 10. i påfølgande månad.
Rutine for periodeavslutning i SOFIE ligg på portalen.

1.2.7 Oppfølging av arbeidslister

Arbeidslista i Sofie er under dagleg oppfølging.

1.2.8 Forfalte krav

Forfalte krav blir fanga opp via arbeidslista og rapportar.

1.2.9 Arbeidsgjevarkontroll

Interkommunal arbeidsgivarkontroll.

Stranda kommune er med i Interkommunal samarbeidsgruppe om arbeidsgjevarkontroll. Dette er eit samarbeid mellom kommunane Ålesund, Giske, Haram, Hareid, Herøy, Norddal, Sande, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Ulstein, Volda, Ørskog og Ørsta. Ålesund kommune er vertskommune.

1.2.10 Manuelle endringsavrekningar

Blir tatt hand om fortløpande. Rutine og veiledning på Sofieportalen blir fulgt. Ny avrekning vert sendt skattytar saman med brev frå Skattekontoret. Kopi blir også sendt til Skattekontoret.

1.2.11 Dokumentasjon og arkivering av rekneskapsbilag

Rekneskapsbilag blir arkivert etter rutine for dokumentasjon og arkivering av bilag.

1.3 Skatteutvalg

Det er oversendt 2 lempningsaker til skatteutvalget i 2018. Den ene innstilt med ettergivelse av **kr 457 028**. Gamle restanser inkludert renter.

Den andre er pr dd ikkje ferdigbehandlet hos Skatt Midt.

1.4 Skattekontorets kontroll av skatteoppkreverfunksjonen

Skattekontoret har gjennomført stedlig kontroll av skatteoppkreverfunksjonen, jf. rapport datert 06.07.2018.

Skatteoppkreverkontoret er ikke gitt pålegg som følge av kontroll.

2. Skatteregnskapet

Skatteoppkreverens arbeid med skatteregnskapet innbefatter regnskapsføring, regnskapsavleggelse, behandling av inn- og utbetalinger, krav, periodisk oppgjør og fordeling til skattekreditorene.

2.1 Avleggelse av skatteregnskapet

Skatteoppkreveren bekrefter at skatteregnskapet for 2018 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldende forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevere av 8.april 2014 § 3-3 nr. 2.

Årsrekneskapet for 2018 følger som vedlegg til årsrapporten, og er signert av skatteoppkrevjaeren.

2.2 Vurdering av skatteinngangen

Det vedlagte årsrekneskapet viser skatteinngangen for regnskapsåret 2018. Det har vært en økning i total skatteinngang fra 2017 til 2018 på kr 32 662 974.

Det er en økning fra 2017 til 2018 i fordelt til kommunen på kr 5 855 539. Dette er over budsjett i Stranda Kommune, og noe vi sier oss fornøyd med.

Total skatte- og avgiftsinngang i forhold til foregående regnskapsår

Sjå vedlagt rapport; *Årsregnskap-kommune-sammendrag*

Kommunens andel av skatteinngangen i regnskapsåret

Kommunen sin andel av total skatteinngang i 2018 er 23,2%.

2.3 Margin

Ved hvert periodisk oppgjør i inntektsåret og de seks første månedene i året etter inntektsåret, skal skatteoppkrever holde tilbake en bestemt prosent av innbetalt forskuddstrekk og forskuddsskatt som margin. Marginen skal brukes til oppgjør med skattytere som får til gode skatt ved avregning.

Tabellen under viser marginavsetning for inntektsårene 2017 og 2018.

	per 31. 10.2018 (inntektsåret 2017)	per 31.12.2018 (inntektsåret 2018)
Innestående margin	0	35 610 546
For mye avsatt margin		
For lite avsatt margin	-780 916	
Prosentats	10	10

Kommentarer til marginavsetningen

Forlite avsatt margin for inntektsår 2017 kr 780 916. For år 2016 var det avsatt for mye med kr 1 589 661.

Ingen endring i % satsen for 2018.

3. Innfordring av krav

I henhold til skatteoppkreverinstruksen § 4-3 skal innfordring iverksettes uten unødige opphold etter forfall, og gjennomføres etter en helhetlig vurdering. Ved vurdering av innfordringstiltak skal skatteoppkreveren legge avgjørende vekt på tiltak som enkeltvis eller samlet bidrar til at oppgjør kan skje hurtig og effektivt, samtidig som det overfor skyldner blir utvist den hensynsfullhet og varsomhet som forholdene tillater.

3.1 Restanseutviklingen

Totale restanser og berostilte krav

Tabellen viser totale restanser og berostilte krav for 2018 og 2017, samt endring fra i fjor for restanse og berostilte krav.

Skatteart	Restanse 31.12.2018	Herav berostilt restanse 31.12.2018	Restanse 31.12.2017	Herav berostilt restanse 31.12.2017	Endring i restanse	Endring i berostilt restanse
					Reduksjon (-) Økning (+)	Reduksjon (-) Økning (+)
Sum restanse pr. skatteart	12 333 179	50 471	11 847 352	106 890	485 827	-56 419
Arbeidsgiveravgift	920 530		807 610		112 920	
Artistskatt	0		0		0	
Finansskatt	0		0		0	
Forsinkelsesrenter	405 124		444 053		-38 929	
Forskuddsskatt	118 635		108 097		10 538	
Forskuddsskatt person	1 740 877	50 471	1 319 734	50 471	421 143	0
Forskuddstrekk	1 785 726		2 238 576		-452 850	
Gebyr	0		0		0	
Innfordringsinntekter	145 962		135 261		10 701	
Inntekt av summarisk fellesoppgjør	0		0		0	
Kildeskatt	0		0		0	
Restskatt	1 646 304		876 435		769 869	
Restskatt person	5 018 741		5 610 759		-592 018	
Tvangsmulkt	551 280		306 827		244 453	
Sum restanse diverse krav	12 333 179		11 847 352		485 827	
Diverse krav	0		0		0	
Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav	12 333 179	50 471	11 847 352	106 890	485 827	-56 419

Kommentarer til restansesituasjonen og utviklingen i restanser

Totalt har vi en økning i restansene fra 2017 til 2018 på kr 485 827. Nedgang i berostilte krav fra 2017 til 2018 på kr 56 419.

Nedgang i restansene for restskatt personlig på kr 592 018, forskuddstrekk kr 452 850 og renter kr 38 929.

Kommentarer til de største restanse økningene.

Økningen i restskatt upersonlig gjelder stort sett 5 store aktører. Tiltak er igangsatt på alle disse.

Økningen i forskuddsskatt person er stort sett gjengangere. 2 aktører har gjeldsordning, et par stk er oversendt skatt midt for å høre hva vi skal gjøre med. Og på et par stk har vi utleggstrekk gående.

For foretak som er sletta har det vorte avskrive totalt **kr 992 744** i 2018.

Ettergivelse i 2018 **kr 467 481**.

Summarisk avskrivning i 2018 **kr 35 102**.

Restanser eldre år

Tabellen viser totale restanser eldre år og restansene på restskatt person for de samme årene.

Inntektsår	Sum restanse (debet)	Herav skatteart "Restskatt – person"
2016	819 178	359 507
2015	696 957	141 479
2014	644 841	281 748
2013 – 19XX	5 634 034	

Kommentarer til restanser og restanseoppfølgingen for eldre år

Antall krav som var foreldet pr. 31.12.2018: **16**

Samlet beløp på krav som var foreldet pr. 31.12.2018: **kr 284 071**

Skatteoppkrever har gjennomgått rapporten *Restanseliste – forelda krav* dato t.o.m. 31.12.2018.

Restansen på *restanseliste - forelda krav* tilhører en aktør. (bortsett fra et lite beløp på kr 1 787)
Den same aktøren som lempningssaka som ikkje er ferdig behandla hos Skatt Midt.

3.2 Innfordringens effektivitet

Vurdering av resultatet pr. 31.12.2018

Skatteoppkrevjaren ser seg fornøyd med samlet resultat for 2018.

Vurdering av sammenheng mellom aktivitet og resultat

Alle resultatkrav nedfelt fra Skatt Midt for 2018, bortsett fra restskatt upersonlig, ble oppfylt.

Konsulenten på skatt er kommet godt inn i arbeidet, og fungerer bra.

Skatteoppkrevers eventuelle tiltak for å bedre effektiviteten i innfordringen

Bemannings situasjonen hos skatteoppkrevjaren er tilfredsstillende fra 2018.

Omtale av spesielle forhold

Ingen forhold å kommentere.

3.3 Særnamskompetanse

Kontoret nyttar seg av særnamsmannskompetanse og tek alle utleggsforretningane sjølve.

4. Arbeidsgiverkontroll

4.1 Organisering av arbeidsgiverkontrollen

Stranda kommune er med i Interkommunal samarbeidsgruppe om arbeidsgjevarkontroll. Dette er eit samarbeid mellom kommunane Ålesund, Giske, Haram, Hareid, Herøy, Norddal, Sande, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Ulstein, Volda, Ørskog, og Ørsta. Ålesund kommune er vertkommune.

4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller

Antall planlagte kontroller for 2018 var 13. Dette utgjør 5 % av totalt antall opplysningspliktige i kommunen.

Antall gjennomførte kontroller i 2018 var 6. Dette utgjør 2,3 % av totalt antall opplysningspliktige i kommunen.

Antall gjennomførte kontroller i 2017 var 7.

4.3 Resultater fra kontrollene

Totalt antall kontroller i 2018 er 6. Kontroller med avdekket beløp 2.

Målet om å kontrollere 5% av totalt antall arbeidsgivere i kommunen er ikke nådd.

Beløp, kr 831 888, fra fullførte rapporter i rapporteringsåret med endringsforslag. Forslaget oversendt SKE for vedtak.

4.4 Vurdering av kontrollaktiviteten

Arbeidsgiverkontrollen opplyser at år 2018 har vært preget av at de har hatt mye opplæring, både eksternt og internt.

Dessverre fikk de ikke telt med en sak som har tatt mye av tida. Arb.giver ba om utsettelse til januar 2019, fikk dette, så saken blir ikke regnet med i tallene for 2018.

4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører

Det har vært gjennomført tverretattlig samarbeid 3 DV, og arbeidsgiverkontrollen har også vært ute med arbeidstilsynet.

4.6 Gjennomførte informasjons- og veiledningstiltak

Antall nye opplysningspliktige i kommunen i 2018 er 9 stk. 5 av disse er det sendt ut informasjon/veiledning om sine plikter til fra skatteoppkrevjaren i Stranda.

Antall informasjonstiltak rettet til regnskapsfører/revisor er 1 stk.



STRANDA KOMMUNE
SKATTEOPPKREVJAREN
6200 STRANDA

Sted/dato:

Stranda 17.01.19

Skatteoppkreverens signatur

Vedlegg: Årsregnskapet for 2018
 Vedlegg til årsregnskapet

Årsrapport 2018/17.01.2019

Skatteoppkrevjaren i Stranda Kommune

Vedlegg til årsregnskapet for 2018

Årsregnskapet er avlagt etter kontantprinsippet. Årsregnskapet viser skatter og avgifter mv som er innbetalt i løpet av regnskapsåret.

Innbetalte skatter og avgifter mv er fordelt til kommunen, fylkeskommunen, folketrygden og staten (skattekreditorene), etter gjeldende fordelingstall.

Sumlinjene i årsregnskapet:

- **Likvider**

Likvidene i skatteregnskapet består av bankbeholdning for skatt og eventuelt kontantbeholdning.

- **Skyldig skattekreditorene**

Fordelingsoppgjøret til skattekreditorene for desember, står som gjeld i balansen pr. 31.12. Skatteoppkreveren skal utbetale fordelingsoppgjøret til skattekreditorene senest 10. januar.

Dersom dette er et positivt beløp, har skatteoppkreveren en fordring på skattekreditorene. Skattekreditorene skal innbetale dette beløpet til skatteoppkreveren senest 20. januar.

- **Skyldig andre**

Dette beløpet består av uidentifiserte og uplasserte innbetalinger, som ikke er fordelt til skattekreditorene pga mangelfull informasjon fra den som innbetaler.

- **Innestående margin**

Ved hvert periodiske oppgjør i inntektsåret og de seks første månedene i året etter inntektsåret skal det holdes tilbake en bestemt prosent av innbetalt forskuddstrekk og forskuddsskatt som margin. Marginen skal nyttes til oppgjør med skattytere som får til gode skatt ved avregning.

- **Udisponert resultat**

Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.

- **Innbetalte skatter og avgifter, Renter, Innfordring**

Dette beløpet er innbetalt arbeidsgiveravgift, finansskatt, forskuddstrekk fratrukket marginavsetning, forskuddsskatt for personlige og upersonlige skattytere, restskatt og overskytende forskudd for personlige og upersonlige skattytere, kildeskatt, tvangsmulkt samt renter og gebyrer.

- **Fordelt til skattekreditorene**

Dette er innbetalte skatter og avgifter, renter og gebyrer som er fordelt til skattekreditorene i henhold til gjeldende fordelingstall.

- **Krav som er ufordelt**

Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.

- **Videresending plassering mellom kommuner**

Dette gjelder innbetalinger i mellomregning med andre kommuners skatteregnskap.

Årsregnskap for Stranda kommune regnskapsår 2018 - sammendrag

Dat 14.0
o:

Utvalgsriterier:

Kommunenr	År	Hovedbokstype
1525	2018	K

Nivå 1	Valgt år	Forrige år
Likvider	38 054 420	35 952 554
Skyldig skattekreditorene	-2 459 796	-1 689 580
Skyldig andre	15 927	-13 241
Innestående margin	-35 610 546	-34 249 730
Udisponert resultat	-5	-3
Sum	0	0
Arbeidsgiveravgift	-104 064 786	-97 697 772
Finansskatt lønn	-135 994	-104 341
Kildeskatt mv - 100% stat	-1 809	-11 558
Naturressursskatt	-98 774	0
Personlige skatteyttere	-390 821 158	-378 073 629
Tvangsmulkt	-199 506	-192 111
Upersonlige skatteyttere	-52 290 668	-39 186 726
Renter	-777 425	-320 625
Innfordring	162 213	21 829
Sum	-548 227 907	-515 564 933
Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	104 064 785	97 697 772
Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	114 719 954	110 662 962
Fordelt til Fylkeskommunen	26 542 635	25 315 078
Fordelt til Staten	175 980 584	160 725 939
Fordelt til kommunen	127 018 723	121 163 184
Krav som er ufordelt	1	0
Videresending plassering mellom kommuner	-98 774	0
Sum	548 227 908	515 564 935
Sum totalt	1	2

Årsregnskap -kommune - sammendrag

Si 1



STRANDA KOMMUNE
SKATTEOPPKREVJAREN
6200 STRANDA

17/1-19

Ståle Anker Larsen

Årsregnskap for Stranda kommune for regnskapsår 2018 - detaljert

Dato: 14.01.2019 -
13:45

Utvvalgskriterier:

Kommunennummer	År	Måned	Hoved
1525	2018	12	K

Nivå 1	Nivå 2	Valgt år	Forrige år
Likvider	Bank	38 054 420	35 952 554
Sum		38 054 420	35 952 554
Skyldig skattekreditorene	Int fordelt folkekr arbavg	-527 120	-442 223
	Int fordelt folkekr medlavng	-470 931	-176 143
	Int fordelt stat FS	-581 306	-543 076
	Int fordelt til fylkeskomm	-106 355	-40 185
	Int fordelt til kommunen	-506 165	-194 532
	Int fordelt til stat TS mv	-175 960	-55 941
	Oppgjørskonto RAFT	-91 959	-237 480
Sum		-2 459 796	-1 689 580
Skyldig andre	Diverse debitorer og kreditorer	15 927	-12 176
	Innbetalinger ikke inntektsført	0	-1 065
Sum		15 927	-13 241
Ikke fordelt til skattekreditorer	Innestående margin	-35 610 546	-34 249 730
	Udisponert resultat	-5	-3
Sum		-35 610 551	-34 249 733
Innbetalt skatter og avgifter	Arbeidsgiveravgift	-104 064 786	-97 697 772
	Finansskatt lønn	-135 994	-104 341
	Kildeskatt mv - 100% stat	-1 809	-11 558
	Naturressursskatt	-98 774	0
	Personlige skatteyttere	-390 821 158	-378 073 629
	Tvangsmulkt	-199 506	-192 111
	Upersonlige skatteyttere	-52 290 668	-39 186 726
Sum		-547 612 695	-515 266 137
Renter	Renteinntekter	-849 942	-431 898
	Renteutgifter	72 517	111 273
Sum		-777 425	-320 625
Innfordring	Innfordringsinntekter	-45 698	-54 877
	Innfordringsutgifter	207 911	76 706
Sum		162 213	21 829
Fordelt skattekreditorene	Fordelt til Folketrygden -	104 064 785	97 697 772
	Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	114 719 954	110 662 962
	Fordelt til Fylkeskommunen	26 542 635	25 315 078
	Fordelt til Staten	175 980 584	160 725 939
	Fordelt til kommunen	127 018 723	121 163 184
	Videresending plassering mellom	-98 774	0
Sum		548 227 907	515 564 935
Ufordelt	Krav som er ufordelt	1	0
Sum		1	0
Sum Totalt		1	2

Årsregnskap - kommune - detaljert

Side 1 av 1



STRANDA KOMMUNE
SKATTEOPPKREVJAREN
6200 STRANDA

27

17/1-19

Seth Arne Lys

02/05/2019